

Juklestad



**Gardsnummer 1, bruk 1 i Jølster kommune,
tidlegare løpenummer 50, bruk 1a.**

Joar Sande 2013

Innhaldsliste

Historie	side 3
Brukantar på Juklestad	side 3
Historier frå Juklestad og Sandneset	side 11
Folketeljingar	side 13
Skatt og matriklar	side 20
Bilde	side 24
Langs Jølstravatnet	side 31
Frå privatarkivet	side 34
- Brev frå Ola Sandnes	side 40
- Til Signy på 70-årsdagen	side 42
Stadnamn	side 44
Frå Fylkesarkivet	side 48
Skøyte	side 49
Lensmannsboka	side 57
Series Pastorum (presterekka)	side 61
Lensmenn i Jølster	side 62
Ole Hannings manuskript	side 65
Kjelder	side 84
Aner	side 85

Framsidebilde: Måleri av Sverre N. Juklestad, no i Astrid Juklestad sitt eige.

Historie

Ifølgje Albert Joleik så har eit tidleg namn på garden vore Sande. Sandneset er såleis neset til garden Sande. Juklestad har ifølgje Oluf Rygh fått namn etter mannsnamnet Jokul. Joleik meiner namnet stammar frå gammalnorsk jakull, ein jukel (td. isjukel). Skrivemåtar: Juchelstaid 1567. Jøchlestad 1603. Jøchelstad 1608. Juchellstad 1667. Juchelstad 1723. Juchlestad 1825. Juchlesta 1832. Juklestad 1865.

Stad-gardane er frå vikingtida (år 500 – 1000), medan gardar med naturnamn er dei eldste. Juklestad og Sandnes har nok opphavleg vore eitt bruk, og har så kanskje blitt to gardar før Svartedauden (1349) ein gong. Etter Svartedauden har Juklestad og Sandnes truleg vore øyde ei stund, og seinare vore drivne i lag, registrering frå 1667 (Rygh) og matrikkelforarbeidet frå 1723 viser at Juklestad då var eit underbruk av Sandnes. I folketeljinga frå 1801 er ikkje Juklestad omtala, men i matrikkelen frå 1838 er garden oppført med to bruk. I folketeljinga frå 1825 er *Sandnæss* og *Juchlestad* framleis omtala under eitt, men i 1835 er Juklestad nemnt for seg sjølv. Juklestad og Sandnes har altså blitt reelt sjølvstendige gardar ein gong i mellom 1825 og 1835.

Dagens brukarar på Juklestad stammar frå Crispinus Johannesen (ca. 1538 - 1568) og Kari Tollefsdatter Hus (ca. 1645 - 1685). Crispinus var prest på Jølster frå 1561 til 1568. Kari og Crispinus hadde to søner, Tollef Crispinussen Juchlestad og Anders Crispinussen Nedrebø (ca. 1565 - 1643).

Brukarar på Juklestad

Bakgrunn

Frå Hannikens manuskript, om prestar i Jølster: *1561 kom efter ham Hr. Crispinus, som holdt sin første Prædikken i Helgiems Kirke S. Michels-Dag. Hand var her Præst i 7 aar og døde udi Sandalen Dagen efter Nytaar Hands Hustrue hedet Kari, de havde 2 Sønner tilsammen, Tollef Crispinussen Sandnes og Anders Crispinussen Nærebøe.*

H. Crispinus Johanesen fra Sogn ankom til Embedet 1565, holdt sin første Prædiken i Helgems Kirke St. Michaelis Dag; Han var præst hersteds i 7 Aar og døde i Sandalen, Dagen efter Nye-Aarsdag i Aaret 1572. Af sin særdeles Fromhet og Guds frykt var han bekjendt, var og elsket og æret alle vegne for same af Alle. I dene Anledning tillagde men ham det Prædicat: den Hellige. Hans Hustrue skal have været en bondepige fra Gaarden Huus, ved Navn: Kari Tollevs Dr., som efter sin manns død boede på Enkegaarden Sandal der den Tiid var underlagt Præstegaarden. Disse Ægtefolk havde til sammen disse Børn: Tollev Crispinuse Juchlestad, Anders Chrispinusen Nedrebøe, der begge efterloed seg Afkom fra hvem mange i Præstegjeldet af Almues-Folk, desindere.-Nemlig i 6 nedstigande Linie fra sidstmeldte besidder end een Familie And: Crisp: Gaard i Nedrebøe.
(Hyrdingrøysta 2008)

Det som truleg er rett, er at Crispinus kom til Jølster i 1561 og døydde i 1568. Faren til Crispinus kan ha vore Hans (Johannes), prest i Jølster til 1540. Hans reiste vidare til Holmedal, og seinare til Hafslo i Sogn. Kari Tollefsdotter Hus gifte seg opp att med den neste presten, Peder Nilsen. Dei fekk 9 born.

Effter ham (Crispinus) 1572 (1568) Kom Her Peder Nielsøn Oc fick hans Quinde igen, Kari toleffdatter oc hand vaar Prest Her I 4 thi Aar - Oc haffde disse Børn - sønne 1 Andris Pedersøn vaar Klocker I Norfior I glopen - 2 Niels Pedersøn vaar studenter oc døde i sandal - 3 - Jacop Pedersøn Berg Klocker paa Jølster 4 - Mickel Pedersøn Bergen paa Nøsdall 5 - Hans Pedersøn sarem - 6 - Oluff Pedersøn, vaar Klocker i Indvigen I Norefior i stryn - Døttre I Mari Pedersdatte Berg - 2 - Anne Peder datte sarem - 3- Lisebeteh Peder datte ØtrØrdal (Lensmannsboka s. 109).

Tollef Crispinussen Juchlestad (1564 – 1636)

Tollef var lensmann til ca. 1607, han slutta då, truleg fordi han vart anklaga for kjetteri. Tollef var kanskje (framleis) katolikk? I Tollef si tid vart Juklestad mykje øydelagt av jordras og snøskred. Tunet har sannsynlegvis blitt teke, slik at Sandneset har blitt den nye bustaden til familien på Juklestad. Sandnes og Juklestad har då blitt drive som ei eining, men kanskje med husmenn på Juklestad. Tollef brukte i førstninga Juklestad til etternamn, og seinare Sandnes. I eldre tider tok ein namn etter den plassen ein budde.

Anno 1636 den 2 Augusti døde sallige Toleff Chrispinsson Sandnes om Aften der solen vaar høyiste i Fielden vaff den skadelig stensott- Oc vaar Hand 72 aar gammel da hand døde (Lensmannsboka s. 108).

Anno 1645 den 28 Juny døde S synøffu toleff quinde Paa Sandenes
(Lensmannsboka s. 108). Synnøve var kona til Tollef.

Crispinus Tollefsen Sandnes (1612 - 1677)

Bumerket til Crispinus var bokstavane C og T, nokre gonger skrivne oppå kvarandre.

*Sandnes. Bruger lehnsmand Crispinus (skatten 1647).
1649 d. 20 Febr. kom ieg fattige Mand (Crispinus Sandnes) i den ulykke at ieg disvær stak Colben Andersen ihiel, saa gud trøste mig arme Mand* (Hanikkens manuskript). Crispinus hadde vore i slagsmål, men slapp ”billeg unna” med ei bot på 7 dalar, truleg fordi han var lensmann. Mannen han drap var Kolbein Andersson Myklebost.

Anno 1677 den 19 Aprilis - Klocken fem om Morgen døde min gode venne sallige Chrispinis I Sandenes LensMand for Jølster - Oc blifft begraftuit den 24 Apr der hand haffuit Læffuit, 5 oc 60 Aar NB (Lensmannsboka s. 108).

Sandnes er gammal lensmannsgard i Jølster. Dei fleste bondelensmennene i Jølster har komme frå Crispinusslekta.

Hans Krispiniusson Sandnes (ca. 1646 – 1731)

Hans i Sandnese var lensmann i Jølster i tidsrommet 1704 – 1731. Han var kjend for å ha ei fin handskrift, slik at dokumenta etter han er lett å tyde. Svigerfaren til Hans var Jens Nilssen Nedrebø, barnebarnet til Anders Crispinussen. Hans tok over som lensmann då Jens døydde i 1704.

I 1684 har det gått ei svor (eit ras) på Juklestad og Sandnes. *Korte Der Effter løbe den skaadelig suar I sanndenes oc giorde møgen skaade paa Ager oc Enge oc it Fæehuus I gaaren oc Det skiede samme Aar 1684* (Lensmannsboka s. 95).

Same året er det synfaring etter årvisse fjellskred, men det har vore sær ille siste vinteren, nær tunet. Ei utløe vart teken, og stein og aur la seg over ein åker. Tunet på Juklestad var alt lagt øyde av ei tidlegare skrede (Joleik). Det er takst, og landskulda til Sandnes og Juklestad vert sett ned med 18 merker smør og leidangen med 3 merker talg.

1689 *Hans I sanes Meste en Fiøse oc skoge Lader Oc en Fiøste slode brøste Inde oc feede vaar behelde - Oc fick Stor skade Paa sin gaare*
(Lensmannsboka s. 98).

1694 var ved Griggus-Møsse intet høe hverken i Sandnes eller paa Juchlestad (Hannings manuskript). Gregoriusmesse er 12. mars, høyet var med andre ord oppbrukt i god tid før dyra kunne sendast på beite. I gamle dagar skulle sauene vere framfødde 14. april. Sidan det er skrive på denne måten, så må det i 1694 vere brukarar både på Juklestad og i Sandneset.

Nils Hansen Sandnes (1694-1761)

Nils var gift med Kari Jonsdotter Myklebust. I 1765 er det synfaring på Juklestad, retten går over åker og eng, og det er *meget slet*. Skulda hadde blitt sett ned etter ei tidlegare skrede (i 1684), men det hadde komme fleire seinare, og det var framleis ikkje rydda skikkeleg opp. Skulda vart ikkje sett opp, den var på 1 ½ til 2 pund smør, og vart eigentleg rekna å vere for høg. Kari må ha drive garden åleine ein del år etter at mannen døydde, men sonen Nils har teke over Juklestad i 1777.

Nils Nilsen Sandnes eller Juchlestad

Nils kjøpte Juklestad av Hr. Christen Heiberg i 1777. Kjøpesummen var 98 riksdalar *Dansk Courant*. Heiberg var sokneprest i Jølster.

Ole Nilssen Juklestad/Sandnæs (1760 – 1835)

Ole Nilsen var gift med dottera til Nils Hansen, Kari (1757- 1825). Dei fekk skøyte på Juklestad i 1781. Kari fekk etter soga med seg ein ekstra teig, Tegen, fordi jorda på Juklestad var dårleg og med mykje skade frå ras.

1832 begyndte ieg at pløye paa Juchlesta den 14de April Som var den Nye Sommermal dag og pløyede op den gamle Sommermaal dag (Hanikkens manuskript).

1832 Kom et stort Snefald med Korsmisse Siden Agrene vare tilsaade og nogle Grøn (Hanikkens manuskript). Korsmesse er 3. mai.

Namnet til Ole var skore inn i beten på den gamle løa. Den var vel var bygd eller flytta til Juklestad rundt år 1781, det året Ole og Kari fekk skøyte. Nedste delen av løa vart riven då nyeløa sto ferdig i 1953, medan øvste delen sto til 1974 og vart brukt som vedhus.

Ole Nilssen døydde i 1835. Lensmannsboka var då i hans eige, og vart sold på auksjon i 1836 til sokneprest Christen Daae. Ole Nilssen var konstituert lensmann ei tid (Joleik).

Ola Rasmussen Juklestad (1798 – 1858)

Ola Rasmussen var gift med dottera til Ole Nilssen og Kari, Johanna. Ho hadde vore gift med Ola Olsson Sandal, men var skild. Ola Rasmussen kom frå Nordre Navnløs (Stardalshaugen).

Bruk 2 på Juklestad vart skilt ut frå bruk 1 i 1837. Eigar av bruk 2 vart då Daniel, bror til Ola Rasmussen. Han var gift med systera til Johanna, Kari. Med Kari og Johanna kom den gamle Sandnes-slekta (tilbake) til Juklestad.

Bertil Nilsen Juklestad (1827 – 1866)

Ola og Johanna hadde ikkje born. Bertil, brorson til Ola, fekk garden.

Jakob Nilsen Juklestad (1833 – 1906)

Bertil og kona fekk heller ikkje born, så Jakob Nilsen, bror til Bertil, overtok garden i 1887.



"Halve bygdens oldefar." Måleri av Sverre N. Juklestad, etter original av Nikolai Astrup. Måleriet viser Ole Østenstad (1818 – 1904), som var i slekt med dei på Juklestad òg.

Nils Jakobsen Juklestad (1872 – 1960)

Nils overtok garden i 1903.



*Nils med borneborna Kari og Astrid
på 50-talet ein gong.*

Sverre Nilsson Juklestad (1913 – 1999)

Sverre var gift med Signy som hadde anar frå Indre Eikås. Husmannsguten Anders, frå plassen Stranda (kalla berre Plassen) under Juklestad, kjøpte på slutten av 1800-talet bruk 1 på Indre Eikås, bruket som bestefar til Signy kom frå.

Det vart bygd ny kombinert løe og fjøs på Juklestad i 1952-53. Den vart teken i bruk til jul i 1953. Sverre lånte pengane, 36 000, mykje pengar på den tida. Det vart bygd for geitehald og med 14 kyrabåsar, men det vart berre kyr etter kvart. Betane vart henta på Østenstad, og dei var 11 meter lange. Olav Løset i Firda Billag kom med dei, og han la innpå ekstra med snus før han starta på den bratte bakken opp til tunet.

Sverre fekk rydda heimebøen, slik at avlingane vart større. Utmarka gjorde han om til kulturbete, ein av dei første i Jølster som gjorde det. I tillegg var han tidleg ute med å dyrke diverse grønsaker, han hadde både purre og brokkoli i ein eigen åker. Folk lurte på om det var ugras, eller om det hadde gått heilt gale med blomkålen. Dei hadde aldri sett purre og brokkoli før. Sverre hadde, i tillegg til å vere føregangsmann på mange område, òg kunstneriske anlegg, og etterlet seg fleire måleri av Juklestad.

Det er fleire tvillingpar i familien. Tvillingane Astrid og Kari vart fødde 9 veker før tida i 1947. Sverre innførte eit streng regime når det galdt hygienen, og laga spesielle senger til dei. Sengene var i to delar, inste delen var fora med bomull og mellom inste og ytste delen kunne det leggjast varme steinar. Slik kunne dei to små halde varmen, og det trongst, for det var ned mot -20 °C den vinteren. Begge tvillingane voks opp friske og sunne. Astrid datt 3 år gammal ut i i den flaumstore grova. Nils Jakob kom til og greidde å få tak i ho for ho for under kloppa. Ei dramatisk hending som merkte alle i lang tid framover.



Familen på Juklestad: Åse, Nils Jakob, Signy og Sverre bak, Kari, Solveig og Astrid framme. Framme lengst til høgre står Ingrid, systra til Sverre. Ho var heime på besøk frå Oslo. Bildet er truleg teke i 1958, og då er det ikkje lenge sidan det kom straum til gards. I Årdalen fekk dei straum like etter krigen, medan dei på Juklestad, i Sandneset og på Bjørset fekk kopla seg til først i 1955-56. Då fekk dei òg telefon på same tid.



3. mai 1998, i konfirmasjonen til Kari si dotter, Kristin.
Frå venstre Solveig, Astrid, Åse, Kari, Nils Jakob, Signy og Sverre.

Nils Jakob Juklestad (1943)

Nils Jakob og Inger bygde nytt hus på Juklestad i 1968. Dei hadde planar om ei tomt litt lenger ut i tunet, ved sida av ei grov. Men dei fekk klar beskjed om at der var det rasfarleg, så det vart ikkje aktuelt. Nils Jakob arbeidde som blikkenslagar, i tillegg til arbeidet på garden. I 1981 tok han over Juklestad.

Nils Jakob og Sverre samarbeidde om å lage til spekekjøtet. Det var om å gjere å finne rette blandinga av salt og sukker, slik at kjøtet ikkje vart for salt. Dei perfeksjonerte saltinga av hjortelår, men filosofien var at det fekk våge seg om eit hjortelår gjekk til spille fordi det ikkje var salta nok. Det var betre enn at alle hjortelåra vart for salte. Solveig og Øyvind i Florø serverte speka hjortekjøt frå Juklestad på nachspiel ein gong. Ein kjennar smakte på det. Det vart lenge stilt, så kom det:- Dette er eit stykke vågemot! Han hadde ikkje våga å salte så lite, men kjøtet vart utruleg godt.

Kyrne vart sende til slakt i januar 2001, og etter det gjekk Nils Jakob inn i ei samdrift med naboane. Naboane tek siloslåtten, Nils Jakob og Inger turrhøyet.



Konfirmasjonen til Stian i 2002. Frå venstre Janne-Britt, Reidun, Benthe, Mary-Ann, Stian, Siv Iren, Inger og Nils Jakob.



*Jula 2009. Stian, Janne-Britt, Benthe, Reidun,
Mary-Ann, Siv Iren, Inger og Nils Jakob.*

Historier frå Juklestad og Sandneset

Ein julekveld med därleg vêr ville ikkje kyrne gje mjølk. Husmannsfolket frå Plassen (Stranda) var på besøk, og dei vart oppmoda om å ikkje gå heim att, men overnattet på Juklestad. Dei, brukarparet, ungane og kårkona, overnatta. Dagen etter hadde eit ras teke heile husmannsplassen. Etter det vart Plassen forleten. Merknad: Dette må ha skjedd ein gong mellom 1865 og 1900.

Da skulde vere på ein stad ei kone so va fremmeleiå; og ein kveld ho skulde sta hente kalvane seie mannen hinna da mæ hinne: "I kveld treffe du bjønnen; men du ska hekte a deg førklæ og kaste te honå. Ho so gjore og da tok bjønnen og sleit sundt. So ein kveld då ho gjore opp sengja va mannen atte kommen. Då vart ho var at mannen krappa førklælarkane ut u tonnå. Då forsto ho ka slags mann ho ha og ker ha ho trefft. Dei sa da at når mannen såg sauë sprang klørne ut u skonå hass.

(Digital samling av eventyr og sagn: Andrea O. Sandnes 1935, samla inn av Ola Sandnes)



*Andrea Sandnes. Spinning på handtein.
1925 (digitaltmuseum.no).*

Mange eldre folk i Jølster trudde på gassen. Gassen var tankallen, og han måtte pleia med omhug. Mange stader hadde dei ein stolpe i tunet som gassen kunne sitte på. Små born vart gjerne truga med at *no kjem gassen og tek deg*, dersom dei ikkje oppførde seg. Gassen fanst i alle gardstun, så det var nok ein på Juklestad òg.

Kåre Åsen var klokkar, songar og lærar. Når han forbi Juklestad, stansa han fleire gonger og spurde korleis det gjekk med bygginga av den nye låven. Ein gong Sverre og Kåre treftest på Skei, spurde han på ny korleis det gjekk. Sverre meinte at han fekk ta seg ein tur oppom Juklestad for å sjå. Kåre Åsen for ofte forbi Juklestad, men tok ikkje turen til nybygget. Sverre ville at samtalar skulle ha hold i handling. Tema som munna ut i "small talk" var ikkje av særleg interesse.



Orkja. Fotgraf: Rune Molvik.

Orkja brotna,
Helgheimskyrkja flotna
Sandnes forgår,
men Juklestad består.

Det er eit liknande vers i Årdalen, men då er det Årdalen som forgår og Erikstad som står. Frå fjellet Orkja har det gått mange ras, og folketrua er at det ein dag vil gå eit så stort ras ut i Jølstravatnet, at mange gardar og kyrkja vil bli tekne av flodbølga. Det gjekk ras både i 1684 og i 1862, i 1862 drukna to born i flodbølga etter raset. Siste store raset frå Orkja gjekk i mars 1959, men mykje av det gjekk i ura. I tillegg var det is på vatnet, slik at den steinen som hamna der vart dempa og ikkje forårsaka noko flodbølge den gongen.

Sverre vart smitta med pleuritt under avdukinga av bautaen til minne om Audun Hugleikson i 1960. Han måtte til behandling på Sandane, og Signy hadde ansvaret for alt arbeidet på garden før Nils Jakob kom heim. Ho og Solveig gjekk opp bakken ein kveld, og Signy var glad for at ho hadde greidd alt av plikter. Då kjem det frå Solveig på 6 år: -Kan du forstå kva vi skal lage oss til kvelds?

Ingrid var ofte på Juklestad om somrane. På 90-talet spelte ho fotball med Stian. Grandtante Ingrid var då nesten 80 år. Då avsparket skulle takast, trakka ho på ballen, datt og braut eine handa. Det gjekk bra, handa vart lækt i løpet av sommarferien.

Folketeljingar

Manntal 1664 - 1666

No 27 Sandness
Oppsitjar Crispinus
Sonen Hans
To tenrarar, Tollef og Antonis

Sandnes er definert som øydegaard, dvs. at skatteevna er låg.

Manntal 1701

Hans Krispiniusson Sandnes 56 år
Tollef Hansen Sandnes 9 år
Nils Hansen Sandnes 7 år
Sifr Arnesen 17 år (tjener)
Hans Rasmussen 50 år (tjener)

Det kan hende at Hans Rasmussen var brukar på Juklestad.

Folketeljing 1801

Ole Nielsen Sandnæs 40, Huusbonde, Bonde Og Grdbeb.

Kari Nielsd 43, Hans Kone

Niels Olsen 14, Deres Børn

Jens Olsen 2, Deres Børn

Johanne Olsd 11, Deres Børn

Kari Olsd 9, Deres Børn

Giertrud Nielsd 35, I Deres Tieneste

Ole Nielsen og kona Kari fekk skøyte på Juklestad i 1781.

Liste over Folketallet den 27. November 1825

Kjelde		Side:	114	Aar:	1825
Amt	Nordre Bergenhuus	Gaardens eller Stedets Navn			Sandnæss og Juchlestad
Stift	Bergen	Huusholdningernes Antal		3	
		Ægteskabernes Antal		2	
Præstegjeld	Jølsters	Tilsammen Mandkjøn		7	
Sogn	Helghjems Sogn	Tilsammen Qvindekjøn		7	

Stand og Næringsvei	Tal
Gaardmænd som bruge skyldsat Jord - Selvemere	1
Gaardmænd som bruge skyldsat Jord - Leilændinge og Forpagtere	2
Huusmænd, som bruge uskyldsat Jord	0
Embedsmænd - Geistlige	0
Embedsmænd - Civile	0
Embedsmænd - Militaire	0
Pensionister	0
Handelsmænd	0
Verkseiere og Fabrikanter	0
Haandværkere	0
Skippere, der have Borgerskab som saadanne	0
Søefarende og Fiskere	0
Daglønnere og Jordløse Huusmænd	2
Tjenestefolk	4
Fattige	0

Merk at Sandnes og Juklestad framleis vert rekna for ein gard, men at det er tre hushaldningar. Det er ein familie i Sandneset og to på Juklestad. Brukar i Sandneset er i 1825 Anders Fossheim.

Folketællingen den 29. November 1835

Kjelde		Side:	330	Aar:	1835
Amt	Nordre Bergenhus	Gaardens eller Stedets Navn		Juklestad	
Stift	Bergen	Løpenummer			
Præstegjeld	Jølsters	Huusholdningernes Antal		1	
Sogn	Helgems Sogn	Total=Sum Folkemængde		4	
Stand og Næringsvei		Tal	Udsæd i Aaret 1835		
Gaardmænd som bruge skyldsat Jord - Selveiere	0		Hvede		Td.
Gaardmænd som bruge skyldsat Jord - Leilændinge og Forpagtere	1		Rug		Td.
Huusmænd, som bruge uskyldsat Jord	0		Byg	1/4	Td.
Embedsmænd - Geistlige	0		Blandkorn		Td.
Embedsmænd - Civile	0		Havre	4	Td.
Embedsmænd - Militaire	0		Ærter		Td.
Pensionister	0		Poteter	1 1/4	Td.
Handelsmænd	0				
Verkseiere og Fabrikanter	0				
Haandværkere	0		Kreaturhold i 1835		
Skippere, der have Borgerskab som saadanne	0		Heste	2	Stk.
Søefarende og Fiskere	0		Stort Qvæg	10	Stk
Daglønnere og Jordløse Huusmænd	1		Faar	18	Stk.
Tjenestefolk	3		Geder		Stk.
			Sviin	1	Stk.
			Reendsdyr		Stk.
Anmærkninger					
Fattige	0		I Henseende Udsæd og Kreaturholdet i Præstegjeldet bemærkes at være lige upaalidelige saavel for Undertegnede, som hans Assistenter, saa intet resultat deraf vil kune uddrages, med mindre man lægger 1/3 overhovedet til Udsæden og 1/3 ligeledes af Stortqvæg, Faar og Geder til det Angivne.		
Totalsum	4				

Juklestad er nemnt for seg sjølv, Sandnes og Juklestad blir no rekna for å vere to gardar. I Sandneset er det to hushaldningar, bonden sjølv og ein husmann utan jord.

I 1837 vart bruk 2 på Juklestad skilt ut frå bruk 1, så då fekk vi oppdelinga slik den er i dag.

I 1845 bur det 5 personar på bruk 1 på Juklestad, i ei hushaldning. Dei sår 1/5 tønne bygg, 3 tønner havre og 1 tønne poteter. Dyr: 1 hest, 20 *Stort Qvæg*, 12 sauher og ein gris.

Folketeljing 1865

Juklestad, i **Helgheim, Jølster** prestegjeld.

Bruk 1

Berthil Nils., 38, Huusfader

samt Grdbr og Selveier

Johanne Thorgersd., 52, hans Kone, g, Jølster

Jacob Nils., 32, Tjenestekarl, ug, Jølster

Bruk 2

Anders Tollefs., 55, Husfader

Grdb og Selveier

Inger Zakariasd., 56, hans Kone, g, Jølster

Zakarias Anders., 21, deres Søn, hjælper Faderen med Gaardsb, ug, Jølster

Ingeborg Andersd., 19, deres Datter, ug, Jølster

Lovise Andersd., 17, deres Datter, ug, Jølster

Sønneve Andersd. , 10, deres Datter, ug, Jølster

Stranden, i Helgheim, Jølster prestegjeld.

Sonneve Andersd., 45, Huusmoder

Husmandsenke

Anders Sørens., 14, hendes Søn, ug, Jølster

(*Anders kjøpte bruket der bestefar til Signy kom frå, bruk 1 på Indre Eikås. Anders var krøterhandlar og sagbrukseigar. Sigmund Eikås er etterkommar etter han.*)

Pernelle Sørensd., 10, hendes Datter , ug, Jølster

Sevrine Eliasd., 3, hendes Datter, ug, Jølster (*far til Sevrine var dreng på Juklestad. Sevrine vart gift med ein skomakar på Hjellbrekke.*)

Folketeljing 1900

Bruk 1: Jakob Nilsen Juklestad b. 1833, Hf, g

Gaardbruger, Selveier

Elisabet Olsd. Juklestad b. 1843, Hm, g

Nils Jakobsen Juklestad b. 1872, S, ug

Ole Jakobsen Juklestad b. 1874, S, ug

Sivert Jakobsen Juklestad b. 1884, S, ug

Lovise Jakobsd. Juklestad b. 1881, D, ug

Andrea Mosesd. Juklestad b. 1877, Tj, g

Marie Nilsd Juklestad b. 1900, D

Bruk 2: Johannes Johannessen Juklestad b. 1867, Hf, g

Gaardbruger, Selveier

Engel Ludvigsd. Juklestad b. 1872, Hm, g

Zakarias Johannessen Juklestad b. 3006 1900, S

Oline Larsd. Sandal b. 1885, Tj, ug

Zakarias Sørensen Juklestad b. 1827, Kaarmand (Hf), g

Kaarmand Landbrugsarbeide Gaardsarbeide

Katrine Nilsd. Juklestad b. 1830, Kaarkone (Hm), g

Johannes Nilsen Juklestad b. 1830, Hf, g, t, m (*bror til Jakob på bruk 1*)

Husmand uden Jord Slaataanarbeide, lever

Marte Jensd. Juklestad b. 1832, Hm, g (*dotter til Jens som hadde Sandnes 1830 - 39*)

Folketeljing 1910

Sverre (fødd 1913) og Ingrid (fødd 1916) vart fødde etter denne folketeljinga, og er difor ikkje med.

Bruk 1


Nils Juklestad	24.09.1872	Jølster	hf g Gårdbruker
Andrea Mosesdatter	13.01.1877	Jølster	hm g Gaardmandskone
Maria Nilsdatter	11.08.1899	Jølster	d ug Datter
Elisa Nilsdatter	10.12.1903	Jølster	d ug Datter
Oline Nilsdatter	26.02.1908	Jølster	d ug Datter
Bertel Nilssøn	01.11.1901	Jølster	s ug Søn
Jakob Nilsen	25.01.1906	Jølster	s ug Søn

Bruk 2

Johannes Juklestad	05.06.1867	Jølster	hf g Gaardbruker
Elisabet Olsdatter	00.12.1842	Jølster	hm e Føderaadsenke
Anders Ingvaldsen	1860	Naustdal	Reisende boksælger g Skal være gårdbruker i Naustdal. Reiste nu som kolportør.
Engel Ludvigsdatter	04.10.1872	Jølster	hm g Gaardmandskone
Sakarias Johannesen	30.06.1900	Jølster	s ug Søn
Johannes Johannesen	16.08.1903	Jølster	s ug Søn
Petrine Johannesdatter	21.06.1907	Jølster	d ug Datter
Elisa Johannesdatter	28.11.1909	Jølster	d ug Datter
Inga Kristansdatte	17.06.1893	Jølster	tj ug Tjenestepike, syselsat med husgjerning og kreaturstel

Johannes Nilsen	24.03.1830 Jølster	hf g Huseier, Arbeider og sælger træsko
Marta Jensdatter	02.12.1833 Jølster	hm g Husmor, Arbeider med lit strikning
Oline Jensdatter	00.05.1835 Jølster	el e Lever væsentlig af sine midler, Utfører lidt strikkearbeide

Oline er systera til Marta, frå Sandneset.



Jølstravatnet, måla av Sverre N. Juklestad.

Skatt og matriklar

Svartedauden for hardt fram i Jølster. I skattemanntalet frå 1522 er det berre 2 gardar, Ålhus og Hegrenes, som betaler skatt. Resten av gardane ligg anten øyde, eller er ute av stand til å betale skatt. Før den store Mannedauden var det 60 bufaste bruk i Jølster.

Juklestad og Sandnes

1567: Gudmund betaler 1 geiteskinn i leidang (skatt).

1585: Helgheimskyrkja og prestebølet på Jølster eig kvar eit pund i Juklestad.

1590: Landskylda er $1 \frac{1}{2}$ laup smør dvs. $4 \frac{1}{2}$ pund. 1 laup er tre pund og eit pund er 24 merker. Laup var binnet dei leverte smøret i, det tok ei våg som er ca 18 kg.

1629: Landskylda er no berre 1 laup. Skylda har blitt nedskrivne, truleg grunna naturskade.

1646 – 1710: Landskylda er 1 laup smør.

Skatt 1647

Sandnes er øydegard, brukar er *lehnsmand Chrispinus*. Han hadde Juklestad også, utan at det er nemnt særskilt. Gardane vart etter skatteevne delte inn i heile gardar, halve gardar og øydegardar. Sandnes (og Juklestad) er gammal lensmannsgard. Det gamle tunet på Sandnes låg på nedsida av vegen, og der var det arrest. Fordelen med å vere lensmann var stort sett at ein slapp å betale skatt, men det var litt løn i tillegg.

Skattematrikkelen 1723

Nº.	Gaardens Navne,	Oppidet nem Call,	Proprietariens Davæbøger og Societetegns.	Byrsmasker Stadper.	Stong og Reter,	Præske og Risterie
<i>Helgemødrigts</i>						
Bjændnes mod. Sæcelstad,	1.	Zynne 1. Dmænden Knoe, klap fyrm Helgum 1. 10 Blænde, fægtede Fætbroe. Zynne, og Sykkelnu Zynne Gammelbygning,			Tid Lunde med,	
		Zynne 1. 10 Blænde, fægtede Fætbroe. Zynne, og Sykkelnu Zynne Gammelbygning,				

Utnation og Leiing	Gard og Avling	Hest, av- sau, geit	Gaste og creature, der gang:	Stalle Tax matrikkelen	Borghøjet,	Utlaget,	248.
Liggende i område flom, myrhed Langmannen og Lummereidet Lærdal Liggende i alle sør Fjord, som er dyp Korn Gres og annet Korn, bær,	Janus 5 hest Janus Janus	unvisket abundans Janus Janus	Konar 30 korn 10 korn 9 stuppe 21 pann 100 griner	280000 Moen			

Sandnes med Juclestad. 2 ½ mil fra sjøen, noko tungvint, lite brenneved, mest åreviss med korn. Dei har 2 hestar, 10 kyr, 17 sauar og 10 geiter. *Ligger elles farlig for fieldskreede, hvorat ofte har skeed skade.* Matrikkelen vart aldri teken i bruk, truleg fordi den gav mindre skatteinntekter enn det styremaktene hadde sett føre seg.

Sølvskatten 1816

Sølvskatten 1816					
Rognsbo Namn.	Vnarsbo Namn.	Tysklandsbo Namn.	Salgsvaagbo Namn.	Vermaaling Jan.	
			Transport	929	
Stalhus Sogn	Ytregrunnspold, Vasenden	John Danielsen	-	25	
Helhiems Sogn	Sandnes mnr Juclestad	Ole Nielsen	-	14	Altdekk 14818 p 20

Sølvskatten vart samla inn i samband med stiftinga av Noregs Bank, som trong 2 millionar riksdalar i sølv til grunnfondet.

Skifte

Sorenskrivaren i Sunnfjord, 1821 - 1828, side 298 b. Kari Nilsdotter, Juklestad med Sandnes, død 1825. Det er litt over 253 riksdalar i buet.

Sorenskrivaren i Sunnfjord 1828 - 1836, side 446. Ole Nilsen Juklestad, død 1835. Ole Nilsen var mannen til Kari Nilsdotter, og buet vart gjort opp då ho døydde i 1825.

Matrikkel 1838

Amt:	Nordre Bergenhus Amt
Fogderi:	Sønd- og Nordfj. Fogderi
Tinglag:	Jølsters Thinglag
Prestegjeld:	Jølsters Præstegjeld
Sokn:	Helgeims Annex

Gard nr. 1 Juklestad

1a. Ole Rasmussen. Gammal skuld 1 bismerpund 1 merke smør,
ny skuld 1 dalar 3 ort 4 skilling

1b. Daniel Rasmussen. Gammal skuld 16 merker smør,
ny skuld 1 dalar 7 skilling

Sandnes og Juklestad hadde tidlegare løpenummer 50, Juklestad med 1a og 1b, Sandnes med 1c.


Matrikkel 1890

Gard nr. 1 Juklestad

1a. Bertil Nilsen, ny skuld 3,58

1b. Zakarias Sørensen, ny skuld 2,60

Merknad: Alm. skrevet Jukkelstad, Jukelstad



I 1905 var jordskatten kr 32,10 med gebyr på 45 øre. Prestetienda var på kr 5,03 med gebyr 15 øre. Lensmannen tok i mot betalinga.
Skatteboka måtte også betalast, den kosta 15 øre.

Matrikkel 1950

Gard nr. 1 Juklestad

Bruk 1. Sverre N. Juklestad (sic), skuld 3,58

Bruk 2. Sakarias J. Juklestad , skuld 2,60

Bilde



Juklestad 16. mai 1961. Vegen, som no heiter E39, ser ut til å blitt utbetra nyleg. Fremst ser vi Jølstravatnet. På bildet til høgre ser vi den store låven på bruk 1 og det gule bustadhuset. Over bustadhuset ligg gamlelåven, eldhus og vedhus, og til venstre stabburet. (Fylkesarkivet).



Sandnes, gardsnummer 2 i Jølster, 16. mai 1961.
Sandnes og Juklestad har tidvis vore drive som eit bruk
(Fylkesarkivet).



Bruk 1 på Juklestad sommaren 1993.



Juklestad i mars 2013. Frå venstre låven som vart bygd i 1952 – 53, bustadhuset frå 1968 og gamlestova, der eldste delen sannsynlegvis er frå 1700-talet. Over gamlestova ligg stabburet til venstre og eldhuset/vedhuset til høgre.



Juklestad i mars 2013. Bruk 1 midt på bildet og bruk 2 til høgre.

Fotograf: Leif Johnny Aarnes



Gamlestova på Juklestad i 2012. Gamlelåven sto ved det store treet midt på bildet.



Frå venstre stabburet, sauefloren og kyrafjøsen. Stabburet står den dag i dag, men fjøsane er borte. Måleri av Sverre N. Juklestad.



Framføre ein av fjøsane. Det er truleg Nils Jakob som står med ryggen til.



Stabburet og eldhuset/vedhuset på Juklestad, 1. oktober 2012. Nils Jakob fekk i 2012 SMIL-midlar til restaurering av stabburet.



25. juli 2011 kom det lokalt svært mykje nedbør på kort tid over Juklestad. Grova vaks opp og tok med seg store steinar, og vegen opp mot husa såg slik ut dagen etter. NVE snakka om at det var ein 500-års flaum. Juklestad har vore mykje plaga med flaum og ras opp gjennom tidene.



Sandnestunet


**SANDNESTUNET 1926
for det vart rive og flytt.**

Frå vinstre: 1. *Løa* som kom til Bygdøy til Norsk Folkemuseum. Ho er vel frå omlag 1600. Arkitekt Vreim sa at ho er ei av dei eldste løe-typene i landet.
2. *Røykstova* frå omlag 1820. 3. *Smalefloren*.
4. *Dasset*. 5. *Naustefloren*. 6. Bak nr. 5 ser vi *Kårstova*. Bak den stod *Ei stone* som var kjøpt på Seime i Breim. Men den ser vi ikkje.
Nedanfor nr. 2 stod Klebua som hadde stade på Toftene, og *Kjellarbua* som var bygd i 1723. Klebua er no på Sunnfjord museum. I vest for nr. 2 stod eldhuset.



Albert Joleik. Soga um Jølst.

I det gamle Sandnestunet stod ei løe med stall frå 1600-talet. Den vart flytta til Bygdøy, og sett opp att der i 1931-32.



*Løa frå Sandneset på Norsk Folkemuseum, Bygdøy 2010.
(digitalmuseum.no).*

Løa er stavbygd, en byggemåte som på Vestlandet har holdt seg fra langt tilbake. I midtrommet i løa ble kornet tresket. Ett rom på hver side, med jordgolv, var til oppbevaring av henholdsvis korn og høy. Inntil løa er det bygd en laftet stall, slik skikken var i Jølsterområdet (digitaltmuseum.no).

Ei matbu (klebu?) med særstak grovt tømmer, òg frå 1600-talet, vart flytt til Sunnfjord museum i Movika. Dei bygningane som står att i dag, ei sperrestove og eit bur, er freda. Dei er frå etterreformatorisk tid.



Bu frå Sandnes på Sunnfjord Museum, Movika 6. oktober 2012.



Laurdagkveld på Bjørset. Sverre, Signy og Inga (systra til Signy) sit som nummer 2, 3 og 4 frå venstre.

Langs Jølstravatnet



Knud Knudsen 1888 – 1894. Parti ved Helgheim kyrkje.



Axel Lindahl 1880-1890. Helgheim kyrkje.



Knud Knudsen 1880 – 1882. På vegen mot Helgheim kyrkje.



Knud Knudsen 1880 – 1882. Parti ved Jølstravatnet.




Knud Knudsen 1885. Parti ved Jølstravatnet.




Knud Knudsen 1885. Parti ved Jølstravatnet.

Frå privatarkivet



Blakka var verd 190 kr, premiesummen var 1% av det. Hesten var eit av dei viktigaste dyra på garden og måtte forsikrast skikkeleg! Blanketten er feiltrykt, skrifta står på skeive.



Ein av hestane på Juklestad.

MEDDEELSE.

Herved meddeles at De ifølge nedenstående tildeling til hvert enkelt husstandsmedlem i halvåret 4/11—²⁰/4 har ret til å bruke av korn og melvarer til Deres husstand ialt 85,4 kg. melverdi pr. kortperiode (4 uker).

Navn	Melverdi kg.	Navn	Melverdi kg.
Jukstad Nils J.	11,2		Overført
" " Audia	8,4		
" " Berit N.	11,3		
" " Marie N.	11,3		
" " Kolisa N.	8,4		
" " Jakob N.	7,0		
" " Olina N.	7,0		
" " Nikolai	7,0		
" " Sanna	7,0		
" " Ingrid	7,0		
Overføres	<u>85,4</u>		Sum

Ved fødsler, dødsfall og flytninger, som uopholdeig må meldes til provianteringsrådet, forandres husstandens rett til forbruk tilsvarende.


1 kg. melverdi er lik 1 kg. erter og bønner, 1,3 kg. rug og hvele, 1,4 kg. bygg, 1,7 kg. havre og blandkorn.

Jølster provianteringsråd provianteringsråd, den 1/2 1919

J. Høgmoen
(formann, forretningsfører)

A/S P. M. By & Co.

Under og etter 1. verdskrigen var det rasjonering på korn.




Kaffien var det òg rasjonering på, dette kortet er frå 1919.

Signy Sikkis har vore hos meg
 i 2 aar frå 14-10-1934 til 1-10-1936
 og vist seg høle tida aa være ei smil
 og pålikeleg og dugande jente.
 Serdelen renslig og mild med dypa,
 so ho har utført sit arbeide her til
 min fulde tilfredshed.
 Ho reiste her frå etter egen ønske
 Bjørset 1-10-1936.
 Petrine Bjørset


Signy tente på Jølster, og det var slik ho trefte Sverre. På Bjørset fekk ho ein god sluttattest.

Mars.	1937.	Transf	829 55	30 00
	13. An 5 l. olje		101.	
	17. " 1 sek. Sildemel ^{26.00} 9.7 kg fiske ^{3.88}			
	" " Røggris ^{11.50} 1 kg sadelyk. + sk. ^{0.55}		42.35.	
	23. Pa. Remisse			50 00
Mai	3 An 1 kg ^{0.65} tape soda ²⁰ tobakk ^{0.75} slør ^{0.20} + sk.		182.	
	10 " 1 sek. hvetemel + sk.		40 40	
	" " Remisse			50 00
	15 " 1 sek. hveteformel ^{13.50} + sk.		13 64.	
	25. " 1 -- Mais kcl		17 68	.
	29. Pa. Remisse			20 00
juli	14 An $\frac{1}{2}$ kg taffi ^{1.60} 2 farin ^{1.24} + sk.		2 87.	
	28. " hvetemel. $\frac{1}{2}$ grønmehl.		57.45.	
august	1. " $\frac{1}{2}$ kg kaffi $\frac{1.70}{2}$ kg tobakk ^{75.} + sk. ²		2 47	
	16. " Pa. Remisse			40
	30. " $\frac{1}{2}$ kg Kaffi		1 72	
sept.	27. " 2 kg form ^{1.30} 2 kg ristings. ^{1.30}			
	" $\frac{1}{2}$ kg Kaffi ^{1.70} + sk. ^{4.}		4 34	
okt.	20. " hvetemel.		40 40	
nov.	18. " $\frac{1}{2}$ sek. grønmehl. ^{16.88.} + sk.		17 05	
	20. " $\frac{1}{2}$ -- grovkerfitt ^{15.25} + sk. ^{15.}		15 40	
	" Pa. 10 sek. kch. 640.5 kg.			6405
	" balanse.			834 10
			1088 15	1088 15.
diseb.	An saldo i ny regn		834 10	
	Pa. Transf godt gjørlu 1937.			281
	27. An 1 sek. Mais mel. ^{2.00} ²⁰		20 40	
	" belanse.	Transf		851.99
			854.80	854.80

"Herr Nils Juklestad i regn med A.B. Ardal. Kredit tid 1 mnd hvorefter forbeholdes 5% rente." I gamle dagar var det vanleg å handle på bok. Garden gav det meste av det ein trond, men litt måtte kjøpast.



Bror til Sverre, Jakob (Jack), utvandra til Canada. Midt på 30-talet kom dette julekortet. Jakob døydde berre 32 år gammal i 1938, til Sverre si store sorg. Nils Jakob er oppattkalla etter han.



Beste jule og Nytaars
hilsninger til Lykkalk
Fotgrapiet paa andre
siden var taet i 1941
paa min tur som
eg tok til prairien.
Eg har same automo-
biln endnu, eg har
kjørt over 33000 mil
med den no.

Beste Hilsing:

Bert

Bertil, bror til Sverre og Jakob, utvandra til Amerika. Han var heime på besøk i 1953 eller 54. I Amerika kalla han seg Bert.



Sverre.

Ola Sandnes
Vor rektor valtis os leirod ja vore enda fyrstini i vestlandet

Halesund

Ista so gitt vili deb konge sasenhet i so balsamant ja mord-saq
. mordskust i fjem-iv IV. omgangsma heileta i "Sundet" inn
15. juli. "sledej ennak" ò Julesotom os niv. job ja velte at turen
Kjære Nils Juklestad !

sov job nos sand elmer too i so. startevn tel so idretts iv tui

svorognit elmer ned i vinter, so emne fjer til job tui vinter
Minnest eg ikkje feil, har du snart 85-årsdagen din
og er då like gamal som kong Håkon . Eg vil då få ynskje deg til lukke
med denne høge åremålsdagen din og takke deg varmtog hjarteleg fordi
du altid har vore ein framifrå god og hjelksam granne . Personleg har
eg so mange liose , gode minne om Juklestad frå barndoms- og ungdoms-
åra. Og i tankane kjem dei ofte fram no på mine gamle dagar . Her vil
eg ta fram nokre av dei : Første minnet mitt om Juklestad er eit
dødsfall. Det var ho gamle Johanne ,kona til gamle Bertel Juklestad som
døde, og Bergitta syster mi og eg var der og såg henne døy stilt og
fredeleg. Det som eg minnest best er at ho Katrina Juklestad ,kona
Sakris Juklestad bad dei lette på sjåen i den gamle røykstova med
same ho utanda so sjela skulle få sleppe ut. Men Juklestad kom først
inn i mi vesle verd då far din kom frå Årset til Juklestad . Eg var
vel berre 4-5 år gammal den gongen. Første gongen eg minnes at vi kom
i kontakt med dei nye grannane på Juklestad var ein godt dei vaksne
arbeidde i Tegja. Borna var då med ,og ute i Grusholene kom
første møtet i stand. Det var Bertel og Lodvik somrett nok var litt
eldre enn eg . Lodvik eit år eldre og Bertel truleg 3 år eldre. Det
vart innleiinga til eit kameratskap og venskap som varde livet ut.
Men Bertel fekk tæring og døde i unge år. Vi var gode kameratar. Eg
minnest skuledagane ,og serleg minnest eg nokre spanande turar i
Ardalsdalen der vi den tida laut hente sykjene . Dei reiste like
inn om Femstestøylen og gebort om Dalevatnet på "Innaførleida" . Då
sette vi oss på hesteryggen og let hestane symje over vatnet med oss
på hesteryggen. Det var morosamt. Og so fekk vi lange rideturar

heimover. Det var ikke ofte eg var hos Bertel medan han låg sjuk. Det gjorde eit sterkt inntrykk på oss unge at Bertel so tidleg skulle døy frå oss. - Borna på Juklestad og i Sandnes gjekk den tida lite og sjeldan inni "gardane" i Årdalen ~~sundagane~~. Vi var mest på Juklestad. Der huggar eg serleg at det var so morosamt å "kanne trebole". Det var ein leik der vi gøyde oss for kvarandre, og i dei gamle husa som det var så mange av var det lett å gøyse seg, serleg i den gamle Tingstova som hadde vore på Sandnes til 1822 og som tilslutt vart sold til "Kronen" og "Frisa". Om sommaren hadde vi store inntekter med å opne grindane ute på Strandene for turistane. Vi kappspråg med dei lange stykke for å opna grindane og tene 5 øre.

Først etter vi var konfirmerte kom vi meir i kontakt med Ola og deg. Då kom vi med i den vakkne ungdomsflokken og utvida "vår verd" til Årdalen. Eg minnest kor flinke de Juklestadkarane var til å danse. Eg blei alle mine dagar ein rein "Klassmajor" til å danse. Det kom vel noko avdi vi fekk ikkje lov til å gå på dans, det var syndigt. Og då vi vart so store at vi bestemte oss for å ta ansvaret for synda og danse utan lov, då var eg so lang og slåpen at eg skamme meg for å syne meg på dansegolvet utan når det var myrkt i stova. Seinare blei det heller ikkje at eg lærde å danse. Eg fekk ikkje ein goggtid til å ta det som "bifag". Men somrane var vi ofte i lag på fjellturar og på støylsvitjing. Ein sommar medan du var på eksersis var eg slåtta-
kar på Juklestad. Sivert og eg slo full slåtteløda, hugsar eg.

Lodvik og eg var mykje i lag so lenge eg var heime. Og vi bytte brev so lenge han levde. Han var makelaus flink til å få istand moro. Rein skodespelar var han. Han kunne mellom anna herme og etterlikna, kven han vilde.

Men det var no jubilanten det galdt i dag. Det er med glede eg kan understrike kor godt grannelag idet har vokt i din mannsalde. Eg kan trygt seie at aldri har det falle eit uvenleg ord mellom Sandnesfolket og deg og ditt folk. Dette takkar veg deg førre. Det er vel nok sjeldsynt at grannelaget har hatt ei slik fredsam og venskapeleg ånd. Så ynskjer eg deg helse og mange gode år framleis.

Hjarteleg helsing får oss!

Ola Sandnes

Brev frå Ola Sandnes til den tidlegare grannen Nils.

Til Sigony på Fleske dialekt.

Eg huksar som barn du alltid sa:
"Me er fødde i Mai og det er no så bra.
Finaste tida då alt tek til gro.
Fuglesongen ljørar og alt er fint no!"

Du var alltid fornødig og grei.
Tink var du og i skule og heim.
Humøret i orden all dagen lång.
Du arbeidde og grisla tralla og song.

I teneste var du på Rakneborg først.
Sidan på Loneland tok du ein dyst.
Men så bestemte du deg for ut i fara.
Du reiste fra Fleske og Flekkegårda.

Eg huksar på byggja han Karl i Hoja sa
